

**Sakshandsamar:**

Kent Rune T. Måren

E-post: kenth.rune.maren@sfj.no

Tlf.: 41530971

**Vår ref.**

Sak nr.: 16/8145-41

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

27082/18

**Dykkar ref.****Notat**
**Dato**  
 LEIKANGER, 18.05.2018
**Til:** Hovudutval for opplæring**Frå:** Fylkesdirektøren**Læringsmiljø og psykisk helse i vidaregåande opplæring****1. Bakgrunn for notatet**

Fylkesdirektøren for opplæring viser til vedteke mål og strategidokument, *Mot nye høgder*, og tilhøyrande handlingsprogram der psykososialt læringsmiljø er ei av satsingane i vidaregåande opplæring. Under punkt for finansiering står det at denne satsinga skal finansierast gjennom ei ny utlyst tiltaksordning «Tiltaksutvikling for Program for folkehelse i kommunane», FT-sak 8/2017.


Fylkeskommunen leia arbeidet med søknaden som vart sendt til Helsedirektoratet 1. mars 2018, og avsleger 10.april 2018. Helsedirektoratet grunngav avslaget med at handsaminga av statsbudsjettet 2018 gav lågare løvning til satsinga «Tiltaksutvikling for Program for folkehelse i kommunane».

Opplæringssektoren sin del av søknaden retta seg mot arbeid med læringsmiljø og psykisk helse, og fylkesdirektøren saman med dei vidaregåande skulane, har gjort psykisk helse til eit viktig satsingsområde.

I dette notatet kartlegg og vurderer fylkesdirektøren sektoren sitt arbeid med læringsmiljø og psykisk helse og gjer vurderingar om ytterlegare innsats på området.

**2. Kartlegging av tiltak sektoren allereie nyttar for å fremje positiv psykisk helse og eit godt læringsmiljø og status for desse**

Til kartleggingsarbeidet har fylkesdirektøren funne det føremålstenleg å kategorisere tiltaka i universelle, selektive og indikative tiltak, jamfør førebyggingsrekanten illustrert nedanfor.



- universelle førebyggande og meirstringsfremjande tiltak til alle elevane
- selektive tiltak til sårbare elevar som treng ekstra oppfølging (over kort eller lang tid) for ikkje å droppe ut av skulen
- indikative tiltak til definerte risikogrupper (psykiske vanskar eller diagnosar).

	Tiltak	Status
Universelle tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Miljøkoordinator:           <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ driv førebyggjande, kontaktskapande og sosialpedagogisk arbeid</li> </ul> </li> <li>• Sosialpedagogisk rådgjevingsteneste</li> </ul>	Etablert ved alle dei vidaregåande skulane

	<ul style="list-style-type: none"> <li>medverkar til at alle elevane skal finn seg til rette i opplæringa. Tenesta er nær knytt til læringsmiljøet, og har koplinger både til miljøkoordinatorane, skulehelsetenesta og den pedagogisk - psykologiske tenesta</li> </ul>	vidaregåande skulane
	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Skulehelsetenesta</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>er systemretta arbeid for å sikre elevane eit godt fysisk og psykososialt miljø. Tenesta er del av ei breitt samansett folkehelsegruppe ved kvar skule og har særskild merksemd på psykisk helse, ernæring, fysisk aktivitet, rus, tobakk, skader og ulukker.</li> </ul> </li> </ul>	Etablert ved alle dei vidaregåande skulane
	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Drømmeskolen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>har som mål å betre det psykososiale læringsmiljøet i vidaregåande opplæring og å styrke elevmedverknad gjennom mestringsorienterte aktivitetar både i og utanfor klasserommet. Drømmeskolen er bevisst på ung-til-ung formidling og brukar vg2 elevar som mentorar for vg1 elevane (<a href="http://www.vfb.no">www.vfb.no</a>).</li> </ul> </li> </ul>	Etablert ved Firda - , Stryn- og Måløy vidaregåande skular Mo- og Øyrane, Hafstad og Eid vidaregåande skular har programmet som del av forskningsprosjektet COMPLETE
	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>MOT</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>har som mål å styrke ungdomen sin bevisstheit og mot til å leve, bry seg og seie nei (<a href="http://www.mot.no">www.mot.no</a>).</li> </ul> </li> </ul>	Programmet er etablert ved Sogndal vidaregåande skule
	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>VIP</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>sitt hovudmål er å gjere vg1-elevane betre rusta til å ta vare på eiga psykiske helse, kjenne signal på psykiske plager hjå seg sjølv og andre, bli klar over kvar dei kan søke hjelp og skape ei forståing for det allminnelege i det å ha psykiske plager og lidningar ( <a href="#">VIP</a> ).</li> </ul> </li> </ul>	Programmet er etablert ved Flora vidaregåande skule
	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Eiga to-årig prosjektstilling</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeidet rettar seg særskilt mot læringsmiljø, psykisk helse i sektoren og å vidareutvikle den tverretatlege dialogen omkring ungdom sine behov.</li> </ul> </li> </ul>	Stillinga tredde i kraft 01.01.2018
<b>Selektive tiltak</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li><b>Nærværsteam</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>har som mål å hindre fråfall og er spesielt retta mot oppfølging av unge som står i fare for å falle ut av vidaregåande opplæring og ikkje kvalifisere seg for arbeidslivet. Tiltaket fokuserer både på psykososialt arbeid rundt enkeltelever og organisering av arbeidet på systemnivå (<a href="#">Nærværsteam</a>).</li> </ul> </li> <li><b>NAV i skulen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>er eit samarbeidsprosjekt mellom NAV og Udir. Rettleiaren er på skulen for å hjelpe eleven å fullføre skulen og integrere han i arbeidslivet. NAV-rettleiaren kan hjelpe til med utanomfaglege utfordringar som gjer det vanskeleg å konsentrere seg om skulen, til dømes bustad, økonomi og heimeforhold (<a href="#">NAV i skulen</a>).</li> </ul> </li> </ul>	Mo- og Øyrane vidaregåande skule har programmet som del av forskningsprosjektet COMPLETE
		NAV samarbeider med Flora og Mo- og Øyrane vidaregåande skular.

<p><i>Indikative tiltak</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Partsamarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>○ mellom skulen, skulehelsetenesta og Helse Førde, til dømes BUP. Tiltaka dekker definerte risikogrupper og gjeld for eit mindretal av elevane</li> </ul> </li> </ul>	<p>Arbeidet blir vidareført gjennom den to-årige prosjektstillinga skissert ovanfor.</p>
---------------------------------	---	--

### **3. Vurderingar om ytterlegare innsats i arbeidet med læringsmiljø og psykisk helse**

#### *Kunnskapsgrunnlag*

Ungdomstida er sårbar. Dei unge skal finne ut kven dei er og kva dei står for, og møter nye krav og forventningar kvar dag. Det finst ikkje ein tydig svar på om psykiske helseplager blant ungdom aukar, men forsking har påvist at psykiske helseproblem er ein av dei mest aukande årsakene til at unge droppar ut av vidaregående opplæring, blir uføretrygda og utan arbeid gjennom livet (Brage og Thune 2015, Berg og Thorbjørnsrud 2009). Dette medfører store både individuelle og samfunnsmessige belastningar, og i rapporten *Psykisk helse i skolen* seier både lærarar, skuleleiarar og skuleeigarar at skulen spelar ei viktig rolle når det gjeld å førebygge psykiske vanskar hos barn og unge (*Udir - 9/14*). Anvik og Gustavsen (2012) peikar på at positiv psykisk helse er viktig for læring og utvikling, og at det er klare samanhengar mellom psykisk uhelse, fråvær og fråfall blant elever i vidaregående opplæring.

I motsetnad til psykisk uhelse, som er definert som ein psykisk tilstand som står i vegen for, eller hindrar livsutveklingane, er positiv psykisk helse definert som  
 «ein tilstand av trivsel og velvære der hvert enkelt individ kan virkeliggjøre sitt eget potensiale, mestre normale utfordringer i livet, arbeide produktivt og fruktbart og være i stand til å bidra til samfunnet rundt seg (World Health Organisation).

Skulen og lærebodrifta er sentrale plassar i ungdomen sitt liv, og det er viktig å skape gode tilhøve for ei positiv utvikling og eit godt læringsmiljø. Læringsmiljøet er elevane og lærlingane sitt arbeidsmiljø, og både lærling-, elev- og Ungdata-undersøkinga viser resultat som det er grunn til å uroa seg over.


Resultat fra Ungdata-undersøkinga 2017 viser denne rapporteringa blant elevar i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane:

#### **Psykiske helseplager**

**NOVA**  
Velferdshelseforskningsinstitutt  
HØGSKOLEN I OSLO  
OG AMERIKSHUS


**ungdata**

Har du i løpet av den siste uka vært plaget av noe av dette?



Som tabellen over viser har mellom 22% og 47% av elevane våre opplevd psykiske helseplager ganske mykje eller veldig mykje. Dette er store tal da vi veit at psykiske helseplagrar er ein av dei mest aukande årsakene til at unge droppar ut av vidaregåande skule.

For dei fleste er symptom på psykisk liding forbigåande, men for nokre blir dei varige. Funna i Sogn og Fjordane sin Ungdata rapport nedanfor viser at mange av elevane våre ofte er redde, engstelege, nervøse og kjenner seg lite verdt.



Ein av grunnane til at dei unge opplever psykiske helseplagrar er ein ubalanse mellom krav og forventningar. I rapporten *Stress i skolen* blir det hevda at eit lite støttande læringsmiljø kan vere årsaken til at elevar opplever stress og keisemd, og at både deler kan føre til at eleven distanserer seg frå skulen og utviklar ei kynisk haldning til alt som skjer der. Eit viktig grep skulen kan ta for å motverke stress blant elevane er å ha stor merksemd om kjerneaktivitetene sin, undervisninga. Støttande relasjonar og engasjerande undervisning der elevane føler seg utfordra, aktive, glade og kompetante motverkar negativ stress (Lillejord, Børte, Ruud, & Morgan, 2017). Resultat frå Ungdata undersøkinga i Sogn og Fjordane (2017), samsvarar i stor grad med funna i ovannemnte forsking.

Overgangen frå skulelivet til arbeidslivet kan by på både gleder og utfordringar. Nokre vil ha positive skule- og relasjonserfaringar, medan andre har hatt mange utfordringar med både fag og relasjonar. Lærlingundersøkinga 2017 viser at 3 av 10 lærlingar opplever at dei ofte er redde for å gjøre feil i arbeidsdagen, og 2 av 10 seier at instruktør/rettleiar berre av og til eller sjeldan er tilgjengeleg på arbeidsplassen dersom dei skulle trenge det.

Alle elevar og lærlingar opplever ulik grad av både stress og keisemd, og ei oppgåve for skule og bedrift blir å førebu dei på å handtere dette. Det blir derfor viktig å arbeide for at alle skal bli sett, kjenne trivsel og læringsglede, samtidig som dei skal evne å «stå i det» når det trengs.

#### *Alle elevar og lærlingar skal bli SETT, HØYRT og SPURT*

Elev-, lærling- og Ungdata-undersøkingane viser høg trivsel, men dei viser og at for mange elevar og lærlingar slit. Med måla i «Mot nye høgder» ynskjer ein at alle elevar og lærlingar skal nå ei positiv psykisk helse i tråd med WHO sin definisjon:

«ein tilstand av trivsel og velvære der hvert enkelt individ kan virkeliggjøre sitt eget potensiale, mestre normale utfordringer i livet, arbeide produktivt og fruktbart og være i stand til å bidra til samfunnet rundt seg (World Health Organisation).

Kvalitetsmåla i «Mot nye høgder» legg stor vekt på å fremje eit støttande læringsmiljø som skapar positiv psykisk helse for elevar og lærlingar. Kvalitetsmåla seier:

- Alle elevar og lærlingar blir sett.
- Elevar og lærlingar møter ei opplæring som gjev kunnskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg.
- Elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar skal medverke til eit læringsmiljø der alle er trygge og kan bruke tid på læring.
- Elevar og lærlingar får ei opplæring der kvar einskild elev og lærling blir motivert til maksimalt fagleg-, sosialt- og personleg engasjement.
- Elevar og lærlingar opplever ein tydeleg samanheng mellom mål, innhald, læringsstrategiar og vurdering.

- Elevar og lærlingar får støtte og oppmuntring til å mestre læringsarbeidet sitt og utvikle fagleg og sosialt mot.

Desse seks måla er vesentlege for å nå det sjuande:

- Minst 87% av dei som byrjar i vidaregående opplæring skal ha gjennomført opplæringa innan fem år.

Fylkesdirektør for opplæring har i dette notatet, som ei oppfølging av "Mot nye høgder" sitt handlingsprogram og satsinga psykososialt læringsmiljø, kartlagt tiltak sektoren allereie nyttar i arbeidet. Vidare har fylkesdirektøren nytta empiri for å ha eit grunnlag for å vurdere kva område ein ser som viktig å arbeide med framover.

Fylkesdirektøren for opplæring ynskjer å drøfte med hovudutval om framlegg til skisserte område er tilstrekkeleg oppfølging av satsingsområdet *psykososialt læringsmiljø* i handlingsprogrammet?

#### Skisse til område

Satsingsområde psykososialt læringsmiljø	Korleis
Førebygge fråfall gjennom systematisk psykososialt arbeid	<p><b>Gi tidleg og god oppfølging</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Arbeide systematisk med det psykososiale miljøet ut i frå eit helsefremjande perspektiv</li> <li>Identifisere ungdom som mistrivst eller ikkje meistrar <ul style="list-style-type: none"> <li>Kartlegging av årsak og behov</li> <li>Oppfølging som verkar</li> </ul> </li> </ul>
Auke motivasjon for å fullføre og for å prestere fagleg	<p><b>Auke elev- og lærlingmedverknad</b></p> <p>Lærarane og instruktørane</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>etablerar og opprettheld gode relasjonar til alle</li> <li>motiverer for læring og arbeid med faga gjennom ei læringsstøttande opplæring og vurdering</li> </ul> <p>Deltaking i opplæringssituasjonen verkar motiverande og helsefremjande (Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen)</p>